

Målstryting

Skrifter fra Norsk sosiologivistisk nettverk (SONE) - nr. 9

**Talemålsvariasjon,
identitet og talespråkleg
medvit.**

UBT/KS tids Mål
2008 Nr. 9 (Anal.)
Målstryting

2008-10-09



2008-10-09



ERE OG
BERGEN

Målbryting

Skrifter frå Norsk sosiolingvistisk nettverk (SONE)

9 • 2008

Talemålsvariasjon, identitet og talespråkleg medvit

Redaktør:

Redaksjonskomité:

Gunnstein Akselberg

Styringsgruppa for Norsk
sosiolingvistisk nettverk (SONE)

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium,
Universitetet i Bergen

<https://doi.org/10.7557/malbr.2009.9>

CC BY 4.0

080025422

ISBN 978-82-91987-13-2

Omslag: Erik Grung

Sats: Gunnstein Akselberg

Trykk: Creato AS, Bergen, 2008

Innhold

Gunnstein Akselberg:	
Talemålsvariasjon, identitet og talespråkleg medvit	5
Rune Røsstad:	
Språkkoppfatningar og sosiolinguistikken	7
Guri Melby:	
Språk og symbolsk makt i <i>Team Antonsen</i>	35
Hilde Solli:	
Autentisitet på nordnorsk	69
Agnete Nesse:	
Identitet i et lite uttrykk	93
Inger Johansen:	
"Det er ikkje berre berre å koma her å snakke samisk, liksom." Barrieren mange unge sør-samar opplever mot å snakke sør-misk	111
Stian Hårstad:	
Store tal frå trondheimske tale. Metodologisk drøfting av ei nettbasert dialektgransking	127
Gunnstein Akselberg:	
"Kor pent bergensk snakk du?". Ei gransking av sjølvrapporterte språkdata til avisene <i>Bergens Tidende</i> si heimeside, bt.no	149

Talemålsvariasjon, identitet og talespråkleg medvit

Av Gunnstein Akselberg

Temaet i dette heftet av *Målbryting* er emna talemålsvariasjon, identitet og talespråkleg medvit. Emna vert handsama både individuelt og i samanheng. Forfattarane har ulike tilnærmingar til temaet og representerer fleire sosiolingvistiske posisjonar, slik at vi får aktualisert og problematisert fagområdet i ein brei fagleg samanheng.

Rune Røsstad trekkjer fram språkbrukarperspektivet, og meiner at språkbrukaren har vore for lite subjekt og for mykje objekt både i den tradisjonelle sosiolingvistikken og ikkje minst i allmenningvistikken. Han meiner at det fenomenologiske perspektivet må få større plass, særleg i sosiolingvistiske granskingar.

Talemålsbruk, identitet og talespråkleg medvit er nær knytt til symbolsk makt. Dette viser Guri Melby gjennom ein analyse av språkbruken i humorprogrammet *Team Antonsen* som vart sendt i NRK i 2004. Melby viser korleis dialektbruken i programserien spelar på og reflekterer bestemte haldningar til dialektar og korleis dialektbrukarar blir framstilte. Datamaterialet hennar illustrerer den store symbolske makta til standardspråket, ein maktposisjon som reflekterer makttihøva på den heimlege språklege marknadsplassen.

Språkleg autentisitet vert handsama av Hilde Solli. Ho set talespråket inn i perspektivet autentisitet – inautentisitet, og ho hevdar med grunnlag i granskinga si at autentisitet heng saman med den einskilde si oppfatning av eigen identitet. Ho problematiserer dette i høve til forestillinga "ekte nordnorsk" gjennom ein studie av språkbrukarane sine språkval.

Også Agnete Nesse studerer nordnorsk identitet representerert gjennom talespråklege realiseringar. Nesse opererer med tre nordnorske identitetstypar, og ho viser at språkbrukarane kan ha ønskte og uønske identitetar. Til dømes manglar den fleirkulturelle nordlendingen, meiner ho. Konklusjonen hennar er at det ikkje er sunt for den kollektive mentale helsa i ein region å røma frå røtene sine.

Tilhøvet mellom bruken av sørsamisk og norsk hjå unge vaksne sørSAMAR er granska av Inger Johansen. Ho viser at identiteten til språkbrukarane spelar ei viktig rolle i språkvalsituasjonar. Opplevelingar av stigmatisering kan ha stor innverknad på korleis ein formar eigen etnisk identitet, som her vert representert gjennom talemålet. Det er viktig å overvinna den talespråklege barrieren på individnivå for å kunna vidareutvikla språksamfunnet og revitalisera det sørSAMiske språket.

Dialektgranskning på nettet er emnet til Stian Hårstad. Hårstad har gjennomført ei stor talemålsgranskning gjennom nettutgåva til *Adresseavisen* i Trondheim. I løpet av fem månader i 2006 svara rundt 28 000 avislesarar på spørsmål om trondheimsmalet. I artikkelen tek Hårstad hovudsakleg opp metodiske problemstillinger knytte til innsamling av språkdata gjennom nettet, som han ser som ei forlenging av spørjelistetradsjonen i den klassiske dialektologien.

Også Akselberg presenterer eit stort nettgranskingsprosjekt som byggjer på sjølvrapporteringar om eige talemål. Granskninga vart gjennomført i 2004 gjennom heimesida til avisas *Bergens Tidende*. Det var denne granskninga som inspirerte Hårstad til si nettgrasking. Prosjektet til Akselberg er avgrensa til leksikon og byggjer på rapporteringane til 56 000 avislesarar. Hårstad og Akselberg sine granskningar kastar ljós over identitets- og haldningsperspektiva som er knytte til talespråkleg variasjon.

Språkoppfatningar og sosiolingvistikken¹

Av Rune Røsstad

1 Språkbrukaren si rolle i sosiolinguistikken

I visse delar av språkvitskapen – kanskje først og fremst i sosiolinguistikken – kjem språkbrukaren tydeleg til syne i det at ein fokuserer på kva språk han eller ho bruker, eventuelt på kva måte språkbrukaren bruker det. Derimot kjem brukarane av språket lite *til orde*, heller ikkje innanfor sosiolinguistikken, og språkbrukaren framstår såleis på mange måtar som eit reint *objekt* for forskinga. Han eller ho blir observert av forskaren, og den språklege åferda blir så analysert og tolka. Kva språkbrukaren sjølv har å seie ope og direkte *om* språk, har «mainstream» sosiolinguistikk hatt ei heller negativ haldning til, ofte prega av skepsis og mistru. I det store og heile har språkvitarar flest ei heller ambivalent haldning til språkbrukaren: Dei er svært imponerte over evna alle menneske har til å lære og bruke språk (morsmålet), men lite imponerte over evna dei same menneska har til å seie noko «objektivt sant» om det. Følgjeleg er språket blitt eit område for ekspertisen og spesialistane, og vanlege folks meningar om saksfeltet har hatt lita interesse, trass i at alle menneske bruker språk, og at mange også interesserer seg for det. No er det ikkje vanskeleg å finne døme på ytringar om språk som framstår som «dumme» og «lite opplyste», eller på einskilde

¹ Denne artikkelen byggjer på delar av den teoretiske drøftinga i mi avhandling for dr.art.-graden: Rune Røsstad. 2005. *Den språklege røynda. Om oppfatta og realisert talemedl i austre Vest-Agder*. Doktoravhandlingar ved Høgskolen i Agder 1. Kristiansand: Høgskolen i Agder.

personar som kjem med feilaktige påstandar om eigen språkbruk, og særleg er det nok slike tilfelle som sørger for mistrua hos språkvitarane. Derimot er det lite empirisk grunnlag for å seie at slike ytringar er typiske og representative, og oppfatningane som språkvitarar har om språkbrukarar, har dermed ofte preg av å vere fordommar.

I sin tur inneber då denne haldninga at kommunikasjonen mellom språkforskarane og språksamfunnet blir einvegs, og ved det kan ein peike på ytst problematiske sider ved sjølve språkvitskapen, jamfør Deborah Camerons omtale av den djupe kløfta («the gulf») mellom lingvistar og vanlege språkbrukarar:

One concern is that when linguists dismiss certain phenomena as unworthy of investigation they are failing to live up to their own descriptive ideals [...] One of the things that people know how to do with words is to evaluate them, and I can see no principled justification for neglecting or deriding this metalinguistic ability. There is something paradoxical (as opposed to merely patronizing) about labelling ideas irrelevant and meaningless, when the people who hold the ideas patently regard them as relevant and meaningful. The beliefs about language that inform people's use of it arguably fall into the scope of what descriptive linguistics ought to be able to give an account of. (1995: xi)

Ifølgje Cameron representerer altså den svake interessa for språkbrukar-perspektivet ein *mangel* ved språkvitskapen, og med det også ei moglegheit for at relevante sider ved språket blir oversedde. Dessutan uroar Cameron seg over følgjene av at skilnadene mellom lingvistar og ikkje-lingvistar blir så store at dei nærmast ikkje er i stand til å kommunisere med kvarandre:

The second thing that concerns me is the cultural and political effect of the polarization of the two perspectives, a polarization so extreme they seem unable to engage with one another at any level that is satisfactory to both. (s.st.)

Vel er orda til Cameron spissformulerte, særleg sett med norske øye, men også dei fleste norske språkvitarar har vel opplevt store og små utfordringar i møte med ikkje-lingvistar, utfordringar som går på meir enn berre det å popularisere fagområdet sitt.

For å summere opp har eg på kortfatta vis peikt på tre moglege problem ved den markerte objekt-rolla språkbrukaren har i språkvitskapen, problem som lett kan gjerast om til argument for kvifor språkbrukaren må få kome meir til orde:

1. Språkvitskapens kunnskap om ikkje-lingvistars oppfatningar om språk er i liten grad tufta på empiri.
2. Den svake interessa for språkbrukar-perspektivet er i seg sjølv ein mangel ved språkvitskapen. Moglege relevante sider ved språket blir eller kan bli, oversedde.
3. Den svake interessa for språkbrukar-perspektivet vanskeleggjer kommunikasjonen mellom språkvitarar og «vanlege folk».

No er det ikkje slik å forstå at språkbrukaren utan vidare blir eit subjekt om sosiolingvistikken vel i større grad å fokusere på kva ikkje-lingvistar seier om språk; å undersøkje folks språkoppfatningar inneber også at ein gjev desse folka objekt-status. Men ved å inkludere dei «subjektive» inntrykka deira i studiar av språk opnar me augo for moglege sentrale bidrag til kunnskapen vår om språket og samspelet mellom språk, menneske og samfunn. Sosiolingvistikken blir ikkje subjektiv sjølv om språkbrukaren som subjekt kjem meir til syne.

Dette perspektivet på språk og språkbrukar kan i prinsippet karakteriserast som *fenomenologisk*, i den tydinga Kvale omtaler fenomenologien (med referansar til Taylor & Bogdan 1984, Giorgi 1975):

[...] phenomenology in the sense of understanding social phenomena from the actor's own perspectives, describing the world as experienced by the subjects, and with the assumption that the important reality is what people perceive it to be. [...] It studies the subjects' perspectives on their world; attempts to describe in detail the content and structure of the subjects' consciousness, to grasp the qualitative diversity of the experiences and to explicate their essential meanings. (Kvale 1996: 52 f.)

Dette inneber ei interesse for den menneskelege livsverda eller kvardagsverda, fordi ho på sett og vis er den primære (har «primacy», Kvale 1996: 54) i forhold til den verda vitskapen skildrar. Og dette har høg relevans for det menneskelege språket, jamfør korleis Akselberg formulerer det:

Livsverda vert konstituert eller etablert gjennom ulike former for erfaringar og handlingar. I vidaste forstand vil òg språket vera med å konstituera livsverda. [...] Vi konstituerer alle verda på vår eigen individuelle måte, samstundes som vi konstituerer sider ved tilværet på same måte som våre medmenneske. Vårt eige og andre sitt medvit, framfor alt medvitet si rolle, sin funksjon og sine moglegheiter, formar mennesket sine opplevingar av seg sjølv, av verda og si eiga plassering i denne verda. Dette verkar inn på språket vårt. (1995: 64 f.)

Akselberg er med dette over i kunnskapssosiologien (representert ved Berger & Luckmann 1967), som dreier seg om «dei sosiale prosessane som avgrensar og styrer vår erkjenning av og våre meningar om røynda» (Akselberg 1994: 70), og som dermed gjer røyndomen til ein sosial konstruksjon. Som Akselberg er inne på, er *språket* ein del av desse sosiale prosessane, og med det ein medverkande faktor til korleis denne røyndomen «blir sjåande ut», men i neste omgang kan også den sosialt konstituerte verda verke inn på språket, vere ein endringsfaktor. I ljós av dette kan me vanskeleg seie at det folk seier om språk, er uinteressant for språkvitskapen. Og det er også problematisk å seie at folks påstandar om språk er feilaktige og resultat av manglande språkleg medvit. Påstandane *kan* vel vere det, men det er vel så interessant å spørje om korleis manglande samsvar med det observerte (av språkvitaren) kan ha å gjere med at mennesket er eit sosialt vesen i eit sosialt rom.

Kan ein så seie at det finst kunnskap som ikkje er styrt og avgrensa av den sosiale dimensjonen? Har menneska kunnskap om verda som berre er basert på observasjon av forhold i ho? I prinsippet er vel svaret nei. Kunnskap er noko som er lagra mentalt, og me kan vanskeleg tenkje oss ein mental observasjons-komponent som er autonom. Mennesket er ingen automat som mekanisk og objektivt gjev att det observerte i verbal form. Men dette tyder heller ikkje at alle mennesklege observasjonar blir sterkt transformerte av det sosiale «filteret». Snarare er det rimeleg å tenkje seg eit slags

kontinuum der samsvaret mellom påstått og observert røyndom er høgst varierande, fordi dei sosiale prosessane sin innverknad på det observerte er varierande.


Dette fenomenologiske perspektivet på språkbrukaren si rolle i språkvitskapen er likevel mykje for eit ideal å rekne. Som Akselberg seier (1995: 72), har me ikkje direkte tilgang til dei fenomenologiske tilhøva, og folks kunnskapar kan ikkje observerast direkte. I staden må me altså nøye oss med den indirekte vegen, til dømes med kva folk seier om språk, og her kjem det inn nokre ikkje så reint små tilleggsproblem. Det første momentet er opplagt, nemleg at språkvitaren i dei aller fleste forskingssamanhangar fungerer styrande på resultatet, språkvitaren skapar sine data ved å vere den som ordnar innsamlinga av dei. No er rett nok innsamling av data ein sosial prosess på line med andre sosiale prosessar, og det utgjer ikkje noko større problem enn det som gjeld for «vanleg» sosiolinguistisk datainnsamling. Men det tyder altså at dataa må tolkast innafor bestemte rammer. Det andre momentet har med det første å gjere, men er meir prinsipielt: I den ideale verda kunne me ønskt oss at studiar av den mennesklege livsverda kunne drivast med blanke ark. I staden er det slik at språkvitarane også har sine (faglege og vitskaplege) forkunnskapar, og desse verkar inn på alle delar av forskingsprosessen. Ikkje berre har folket (her språkbrukarane) *skapt seg ein røyndom*, det har også språkvitarane gjort, men me har ein *vitskapleg skapt røyndom* som skil seg frå den kvardagslege. Og med det kjem den uunngåelege trøngen til å samanlikne, språkvitarane er ikkje noko *tabula rasa*, og dei vil ikkje kunne la vere å halde dei to røyndomane opp mot kvarandre og på ein eller annan måte *vurdere* den kvardagslege. Dette er derimot ikkje meint som ei påminning til språkvitaren om å streve etter ei form for «objektivitet», samanlikningar og vurderingar kan jamvel vere ønskjeleg. Men samstundes skal me ha i hug korleis me som språkvitarar på mange vis er medverkande til «utsjânaden» på den livsverda me ønskjer å studere. Og me skal vere medvitne om dei faglege brillene me heile tida har på, og som me ikkje kan ta av.

2 Folkelinguistikk og perceptuell dialektologi

Medan det me kan kalle «mainstream» sosiolinguistikk altså enno ikkje har synt særleg interesse for språkbrukar-perspektivet, er det i dag fleire forskrarar og forskarmiljø som har gripe tak i det, vel å merkje på ulike måtar og med ulike mål for auge. Mest kjend er amerikanske Dennis Preston, og han har i fleire samanhengar (Preston 1999b: xxiv, Niedzielski & Preston 2000: 25) teke utgangspunkt i eit framlegg frå 1966 [1964]: «A proposal for the study of folk-linguistics», der Henry Hoenigswald konkluderte med følgjande:

If other phases of social science are any indication, we should be interested not only in (a) what goes on (language), but also in (b) how people react to what goes on (they are persuaded, they are put off, etc.) and in (c) what people say goes on (talk concerning language). It will not do to dismiss these secondary and tertiary modes of conduct merely as sources of error. (1966 [1966]: 20)

Sjølv har Preston forsøkt å klargjere og presisere punkta til Hoenigswald, mellom anna med denne figuren (henta frå Preston 1999b: xxiii):



Three approaches to language data

Ifølgje figuren er det to nivå i språkvitskaplege tilnærmingar til data: For det første er det tilnærmingar til dei «openberre» dataa som kan samlast inn og utgjere «språkleg» empiri (a, b og c), og for det andre er det tilnærmingar til dei bakanforliggjande forholda som styrer og forklarer («governs») denne empirien (a', b' og c'). Preston plasserer så studiar av språkhaldningar («language attitudes») i høgre hjørnet i trekanten (b og b'), og om venstre hjørnet seier han:

What people say about what goes on (and what lies behind their statements), the c and c' of the above triangle), is the stuff of *folk linguistics*, and perceptual dialectology is a subbranch of that general area of investigation. (1999b: xxiv)

No er neppe forholdet mellom «kva folk seier» og språkhaldningar så klart og eintydig som ein her kan få inntrykk av. Preston har sjølv innsett det, og han har forsøkt å modifisere modellen ved å skilje mellom det *medvitne* og *umedvitne* («conscious» og «unconscious») når det gjeld folks reaksjonar overfor og kommentarar på og om språk (2002: 16 ff.).

Prestons (og Hoenigswalds) tilnærming er likevel éin nyttig innfallsvinkel til forskingsområdet, særleg fordi ho er generell og femner vidt. På same viset som det innafor sosiolinguistikken er mange forskingsspørsmål å stille til sjølve språket (jf. a-hjørnet i trekanten), og mange måtar å nærme seg det på, må ein også rekne med ulike spørsmål og metodar når det gjeld språkkoppfatningar (c-hjørnet). Nettopp det er då også tilfellet i den verkelege forskingsverda.

Dennis Preston definerer perceptuell dialektologi («perceptual dialectology») som eit forskingsområde («subbranch») under folkelingvistikken («folk linguistics»), nærmare bestemt som «the dialectologist's-sociolinguist's-variationist's interest in folk linguistics» (1999b: xxiv, xxv). Som den mest kjende representanten for denne interessa, har han dessutan fått setje ein slags tilsynelatande standard for kva ein driv med og fokuserer på innafor disiplinen. På den andre sida har Preston ulike forgjengrar, og perceptuell dialektologi framstår i dag som meir og meir mangesidig, det går klart fram av dei to oversiktsbøkene som til no er komne ut (Preston 1999a, Long & Preston 2002: *Handbook of perceptual dialectology*, Vol. 1 og 2).

Det er altså vanskeleg å skildre den perceptuelle dialektologien med få ord og samstundes fange opp det mangesidige i han. Dersom me held oss til dei nemnde oversiktsbøkene, ser det likevel ut til å vere nokre gjennomgåande tendensar i kva ein har fokusert på innafor dette forskingsfeltet (jf. også Preston 1999b: xxxivf.):

- Oppfatningar av talespråkleg variasjon knytta til geografisk utbreiing, gradar av skilnader mellom varietetar og identifisering av varietetar.
- Estetiske vurderingar av talespråklege varietetar.

Desse interessene og dei tilhøyrande problemstillingane er attspeglia i titlar som «Consciousness of Dialect Boundaries» (Sibata 1999), «Dialect Recognition» (Williams m.fl. 1999), «Where is the 'Most beautiful' and the 'Ugliest' Hungarian Spoken?» (Kontra 2002). I tillegg må også *språkhaldning* («attitudes») seiast å spele ei sentral rolle i denne forskinga, anten eksplisitt eller på meir underliggende måte.

Mindre fokus har det derimot vore på konkrete språklege element og detaljar, noko Preston sjølv har vore inne på og til dels etterlyst:

To take only one example, I believe that future work in the perception of variety might focus more specifically on the exact linguistic elements that give rise to perception rather than on the global presentation of varieties (or variety or area labels) in eliciting responses. (1999b: xxxviii)

Heilt fråverande har likevel heller ikkje dette perspektivet vore; i dei to nemnde oversiktsbøkene er det tilløp til det Preston her etterlyser: Mase 1999, Evans 2002, Kerswill 2002. Sistnemnde har undersøkt oppfatningar av «innføddheit» («nativeness») i Bergen, og er eit av førebels få nordiske bidrag på dette området av sosiolingvistikken.

Vidare har det innafor disiplinen vore ei særskild merksemd på utviklinga av metodar som skal vere veleigna ved denne typen data. Særleg har det dreidd seg om bruk av geografiske kart og ymse måtar informantar skal rangere og kategorisere på, det vere seg gradar av likskap og ulikskap, eller langs aksar som uttrykkjer gradar av korrektheit og finheit. Mange av bidraga er prega av store

kvantitative data som må handsamt elektronisk, og på det viset minner delar av forskinga noko om den tidlege «labovske» sosiolingvistikken, sjølv om det er heilt andre spørsmål som blir stilde. På den andre sida finst det også einskilde forskingbidrag der kvalitative metodar har vore i bruk, til dømes Niedzielski & Preston 2000.

Med desse problemstillingane og metodane har delar av forskinga – kanskje særleg den amerikanske – hatt eit sterkt fokus på det som framstår som dei mest folkelege og folklore-arta sidene ved språkoppfatningar. Ikkje minst gjeld det dei arbeida som fokuserer på estetiske vurderingar av talemålsvarietetar, men også elles er det mykje vekt på perspektiv og synsmåtar som framstår som utprega folkelege og «ikkje-akademiske». Me må tru at det er desse sidene ved disiplinen som har fått somme til å omtale folkelingvistikken slik:

Folkelingvistikk er studiet av holdninger folk har overfor sitt eget eller andres språk eller språk generelt. For eksempel kan folk tro at et gitt språk kan være vakrere, mer uttrykksfullt eller logisk enn andre. Her er noen eksempler på språkmyter. [...] (Universitetet i Tromsø, vevsidene, 12.11. 2004)

I denne omtalen ligg vekta på oppfatningar som kan karakteriserast som «feilaktige» og «mytiske», kanskje ikkje så merkeleg sidan delar av denne forskinga har ei «slagside» i den retninga.

Det må her også nemnast at dei mest brukte metodane legg til rette for å få fram ein bestemt type språkoppfatningar, eventuelt språkhaldningar: *dei umiddelbare*. Dataa kjem i liten grad fram på grunnlag av refleksjon og ettertanke, og med det blir nok det folkelege preget ved oppfatningane forsterka. Dette tener til å gjere avstanden til akademikar- og forskarperspektiva på språk endå større.

3 Perseptuell dialektologi og «mainstream» sosiolingvistikk

Sosiolingvistikken har gått ein lang veg sidan starten for omkring fire tiår sidan, og forskarane har formulert stadig nye spørsmål og problemstillingar. Særleg merkjande er den aukande interessa for såkalla *subjektive faktorar* (jf. Kristiansen og Jørgensen 1995), det vil

seie sosialpsykologiske forhold som har med språk og språkbruk å gjere, til dømes motiveringar, haldningar, identitetskjensle og verdiar. Sjølv om ein i denne forskinga enno har ei heller låg og lite formulert interesse for sjølve brukarperspektivet på språket (jf. 2.2.1), så inneber nyorienteringane at det i *praksis* ofte er vanskeleg å skilje denne delen av sosiolinguistikken frå såkalla perceptuell dialektologi. Til dømes speler språkhaldninga ei sentral rolle innanfor begge «retningane». Ut ifrå dette både kan og bør den «tradisjonelle» sosiolinguistikken spele ei rolle i studiar av språkkoppfatningar, alt etter kva problemstillingar som blir fokuserte, jamfør også Mæhlums ord om kva sosiolinguistikken bør dreie seg om:

For som stadig flere framhever, er det først og fremst i det *enkelte individs* holdninger, oppfatninger og erkjennerier at en må søke etter den mest inngående og genuine forståelsen av språket som sosialt fenomen. (1997: 26)

I nordisk sosiolinguistisk forsking har det dei seinare åra kome fleire bidrag med eksplisitte referansar til sjølve disiplinen folkelingvistikk og/eller perceptuell dialektologi og til Dennis Preston (t.d. Radovani 2000, Skolseg 2003, Kulbrandstad 2004). På den andre sida finst det også bidrag – fleire av ikkje heilt ny dato – som går på *sjølvrapportering* og på språkhaldningar og språk og identitet. Eitt døme er Källskog 1992 som omhandlar «attyder», der informantar mellom anna fekk dette spørsmålet: «Om en person i Överkalix brukar växla mellan överkalixmål och rikssvenska, i vilka situationer tror Du då han talar mest utpräglag dialekt (= överkalixmål), och i vilka situationer mest renodlad rikssvenska?» (1992: 191). Vel kan informantvara avspegle negative og positive haldningar til dei to varietetane, men svara kan like godt tenkast å byggje på perceptuelle forhold, altså kva informantane meiner å ha oppfatta av språkleg variasjon rundt seg (gjennom uformell og usystematisk observasjon). Eit anna døme er Omdal 1994 som også stilte informantar opne spørsmål om språk og språkbruk, til dømes: «Snakker du på samme måte nå som da du budde i Setesdal?», «Hvordan vil du si at du snakker nå?» (1994: 188), og han gjer greie for desse informantvara under «Språkhaldninger og synspunkt.» Omdal var særleg interessert i informantanes *opplevelingar* av det å

vere språkelege «avvikarar»; det desse folka hadde å seie ope og direkte om saka, hadde altså interesse i seg sjølv.

Der det er relevant, er det såleis god grunn til å trekke inn og byggje på innsikter som er vunne i forskinga som høyrer til den meir tradisjonelle sosiolingvistikken.

4 Omgrepet språkkoppfatning

Når folk seier noko om eller på annan måte reagerer på eller ut ifrå språklege forhold, ser me på det som uttrykk for det desse menneska har av *haldningar, innstillingar, kunnskapar, meiningar, oppfatningar, truer* og *verdiar*. Omgrepene er mange, og opplistinga kan sikkert gjerast endå lengre. Alle omgrepene står for ymse mentale aspekt, og ingen av desse kan seiast å vere direkte observerbare. Det me derimot kan observere, er nettopp det folka seier og gjer, og me kan tolke dette som uttrykk for noko mentalt. Kva er då dette mentale?

Eit nærliggjande omgrep er *språkhaldningar* (eng. *language attitudes*), som me finn stadig oftare brukt innafor både sosiolingvistikk og perseptuell dialektologi. Det generelle omgrepet *haldningar* blir definert på ulike vis, anten som noko ganske abstrakt og/eller som disposisjonar for å handle på bestemte måtar (jf. oversynet i Haugen 2004). Når det gjeld den abstrakte karakteren, viser Haugen (2000: 45) til Eagly & Chaiken, som seier det slik:

Evaluation is the core of the attitude concept, when evaluation is understood in a general and abstract sense. Attitude is thus an abstract construct in people's knowledge structures and should not be equated with its less abstract manifestations in terms of particular beliefs, affects or behaviors. (1993: 666)

Evaluatingsaspektet framstår med dette som ein særleg subjektiv dimensjon ved haldningsomgrepene; Haugen taler om «den kapitalen me ber i oss til å reagera postivt eller negativt til ulike idear, objekt og verdiar» (2004: 42), og noko liknande les me hos Bainbridge 2001: «Perhaps the most widely used concept in psychological social psychology is *attitude*, often defined as the positive or negative evaluation of an object» (s. 82). Ut ifrå dette kan me seie at haldningsomgrepene er abstrakt og generelt, men at evaluatingsaspektet samstundes gjev det ein utprega subjektiv dimensjon.

Når folk seier noko om språk, speler sjølv sagt haldningane deira ei rolle for kva dei seier og korleis. Men me må også tru at persepsjon, kunnskap og medvit – i meir «objektiv» tyding – har mykje å seie for det som blir sagt. Rett nok reknar ein del teoretikarar med at haldningane inneheld ein kunnskapskomponent (kognitiv komponent) (jf. likevel gjennomgangen i Haugen 2004: 43ff.), det vil seie ein mental dimensjon som dels byggjer på det observerte eller persiperte. Men når ein då altså ser desse kunnskapane i nær samanheng med evaluering, blir persepsjonen og metvitet på sett og vis nedvurderte eller rekna som sekundære.

Ved å nytte omgrepene *persepsjon* og *perceptuell* (jf. *perceptual dialectology*) signaliserer ein derimot interesse for meir «objektive» sider ved det folk seier om språk. Med objektive siktar eg til kunnskapar og mentale strukturar som byggjer på observasjonar av språklege forhold, og som i minst mogleg grad er farga av det sosiale «filteret», av kjensler, truer og verdiar (jf. haldningar). Eitt spørsmål er likevel om slik objektivitet finst, eit anna er om det så er mogleg å isolere og måle «objektiv kunnskap», slik somme forskarar forsøker (t.d. Husby og Almberg 2002, Gooskens & Heeringa 2004)? Når det gjeld perceptuell dialektologi, skal me nok derimot ikkje ta persepsjons-dimensjonen så bokstavleg, sjølv om han inngår i namnet på disiplinen; dei dataa som kjem fram der, er ofte alt anna enn isolerte frå dei subjektive sidene. På den andre sida vil det vere lite fruktbart å berre gå ut ifrå at det ikkje kan finnast meir «objektive» sider ved det som blir sagt om språk, det vil seie tilhøve der det er «kort veg» mellom observasjonar og påstandar.

Bruken av omgrep som haldningar og persepsjon o.l. inneber kvar for seg altså ei avgrensing av kva ein reknar som konstituerande for det som folk seier om språk. Det er derfor naudsynt å finne fram til omgrep som ikkje fungerer avgrensande, men som derimot er vide nok til å romme dei ulike aspekta, både det evaluande/subjektive aspektet og det meir objektive. Moglege alternativ har me då i *kunnskapar* og i *oppfatningar*. Ulempen med *kunnskapar* er at det har lett for å bli knytt til *viten*, *vitskap* og *innsikt* (jf. Nynorskordboka), og at det då kan få ein valør av sanning og faktisitet (jf. likevel innhaldet i namnet *kunnskapssosiologien*). Eit mogleg betre alternativ er *språkoppfatningar*. I nordisk sosiolingvistikk er dette omgrepet

brukt heller lite. Sandøy (2002) skriv rett nok om «nordiske språkoppfatningar», utan å definere, men med eit vidt perspektiv på kva som ligg i det, deriblant språkhaldningar. I Nynorskordboka er substantivet «oppfatning» definert slik: «1 det å oppfatte; forståing [...] 2 haldning, mening, overtyding; syn», og verbet «oppfatte» slik: «høyre [...] forstå [...] tolke». Som det går fram av definisjonane, er det fleirtydigkeit i *oppfatning*, noko som altså synest både naudsynt og tenleg når me undersøkjer kva folk seier om språk.

5 Språkleg medvit

Det språklege medvitet er éi sentral side ved folks språkoppfatningar, eventuelt også ved språkhaldningane deira (jf. førre delkapitlet). I daglegtalen plar ein gjerne tale laust om ulike *gradar* av slikt medvit (sterkt og svakt, godt og dårlig), då neppe som noko objektivt og målbart, men som heller relative storleikar.

Det er rimeleg å rekne med at det er sider ved det språklege medvitet som er biologiske og universelle, men me må også rekne med at kulturbestemte og sosialt bestemte forhold (t.d. skole og utdanning, forholdet mellom skrift og tale) spiller ei rolle for kor utvikla det er, og korleis det artar seg (jf. kunnskapssosiologien). Språkleg medvit har med persepsjons-evna å gjere, og det å handsame det persiperte mentalt. Det siste heng også saman med kor utvikla metaspråket er, sidan me reknar med at språk og tanke heng saman. I tillegg er metaspråket bestemmande for kva som kjem til uttrykk når individet seier noko *om* språk. På den andre sida verkar dette forholdet mellom språk og tanke som endå meir komplisert i tilfelle der folk er gode på imitering og mindre gode til å setje ord på det som blir imitert.

Ut ifrå dette er det god grunn til tru at det er store individuelle skilnader mellom individ, og såleis ulike *gradar* av språkleg medvit. Men me må altså også rekne med at det er ulike *typar* av dette medvitet, alt etter kva slags forhold det er mellom persepsjon, tankar og språk hos individa.

Språkleg medvit kan studerast frå ulike ståstedar og perspektiv. Somme er opptekne av dette i pedagogisk og didaktisk samanheng, mellom anna når det gjeld metaspråk og den første lese- og

skriveopplæringa. Ei anna tilnærming representerer bruken av dei nye data tekniske løysingane, der ein til dømes lyttar til og responderer på manipulerte talemålstekstar (t.d. Gooskens & Heeringa 2004). Slike opplegg er helst forsøk på å «isolere» og «måle» persepsjonen, lausriven frå eventuelle sosiale og psykologiske forhold. I den vidare framstillinga skal eg sjå nærare på korleis den tradisjonelle sosiolinguistikken har vurdert språkleg medvit. I tillegg går eg inn på ein alternativ synsmåte, tydelegast formulert av Dennis Preston.

6 Tradisjonell sosiolinguistik: det psykososialt betinga medvitet

I tradisjonell sosiolinguistik er språkleg medvit særleg tematisert i samband med talespråkleg endring. Som på andre område har Labov vore retningsgivande også her, jamfør denne konklusjonen i New York-undersøkinga hans:

Just as the reporting of usage in the self-evaluation test is inaccurate, so most perception of language is not perception of sense experience, but of socially accepted statements about language. (1966: 338)

Det gjennomgåande synet har vore at det språklege medvitet i stor grad er styrt av psykososiale forhold, først og fremst språklege norm- og prestisjeforhold. Persepsjons- og observasjonssidene ved medvitet har vore vurderte som underordna desse psykososiale sidene, og derfor har det i sosiolinguistikken vore ein grunnleggjande skepsis til rapportert språkbruk som uttrykk for reelle og verkelege talemålsforhold.

No finst det også mykje empiri som syner at språkleg medvit ofte kan vere psykososialt betinga, styrt av slike subjektive, ikkje-språklege forhold. På den andre sida kan dette neppe påståast å vere universelt eller allmenngyldig, for dei psykososiale forholda er på si side betinga av dei «større», sosiokulturelle forholda, som sjølvsagt varierer etter stad og over tid. Til dømes er språknormene og dei språklege prestisjeforholda i Noreg ganske avvikande frå dei fleste samfunna det er naturleg å samanlikne oss med, og det er derfor ikkje urimeleg å tru at nordmenns språklege medvit skil seg frå

mange andre verdsborgarar. Dermed er det heller ikkje sagt at dei psykososiale forholda ikkje spelar noko rolle også her, men i sosiolinguistikken må me – både teoretisk og metodisk – ta høgd for og omsyn til dei sosiokulturelle skilnadene som finst mellom samfunn.

Vidare skal Labov også ha æra for at omgrepssparet *below* og *above the level of consciousness* har gått inn i den sosiolinguistiske litteraturen (jf. t.d. Dubois & Horwath 2000), sjølv om han faktisk formulerer seg på noko anna vis (1966: 338). Omgrepa knytte Labov til den sosiale dimensjonen, ved at han også introduserte dei velkjende omgrepa *change from above* og *change from below*, som refererer til ulike samfunnslag (1966: 224, 226). Om denne samanhengen mellom språkleg medvit og sosiale forhold har han i nyare tid uttalt seg på ny, endå meir eksplisitt:

Any general consideration of linguistic change must first distinguish between change from above and change from below, a distinction first established in these terms in the New York City study (Labov 1966). «Above» and «below» refer here simultaneously to levels of social awareness and positions in the socioeconomic hierarchy. *Changes from above* are introduced by the dominant social class, often with full public awareness. [...] *Changes from below* are systematic changes that appear first in the vernacular, and represent the operation of internal, linguistic factors. At the outset, and through most of their development, they are completely below the level of social awareness. No one notices them or talks about them [...] It is only when the changes are nearing completion that members of the community become aware of them. Changes from below may be introduced by any social class, although no cases have been recorded in which the highest-status social group acts as the innovating group. (1994: 78)

Også her heng det språklege medvitet tett saman med norm- og prestisjeforholda. Det er likevel slik at Labov nyttar termen *sosialt* medvit («social awareness»), som eit *kollektivt* fenomen som gjeld medlemmane av samfunnet (jf. også omgrepet «public awareness»). Dessutan poengterer han at medvitet kan skifte i løpet av endringsprosessen. Denne kollektive og dynamiske tankegangen er så følgd opp i nyare sosiolinguistiske granskingar, jamfør til dømes nokre utvalde sitat frå Dubois & Horwath 2000:

The changes were likely to be at a high level of social consciousness, if not for the older generation then certainly for the middle-aged generation. (2000: 299)

The variable (p,t,k) stands alone among the Cajun variables in that it has always been, as far as we can ascertain, below the level of consciousness and has never been subject to internal or external evaluation. (2000: 301)

For Labov og andre er det ikkje noko hovudpoeng å fokusere på språkleg medvit i seg sjølv, men snarare viktig å understreke kva slags status dei aktuelle endringane har i det kollektive medvitet til språkbrukarane. Det må også seiast at forholdet mellom individ og kollektiv her framstår som noko uklårt, men så lenge det er tale om *ei form* for kollektivt medvit, har ein unngått å vere tydeleg på kva som kjenneteiknar språkleg medvit på individnivå. Likevel er det grunn til å tru at det i sosiolingvistikken med dette har «gått seg til» ei forestilling om at det finst eit slags allment *nivå* for språkleg medvit hos individua, og at somt i språket då tenderer til å liggje over dette nivået, anna til å liggje under. Dette finst det i sosiolingvistikken derimot lite grunnlag for å seie. Til dømes vil ein sjølvrapporteringstest vere eit altfor usikkert grunnlag for å «måle» språkleg medvit, ikkje minst fordi me veit at norm- og prestisjeforhold *kan* spele ei rolle for resultatet, men også fordi det er uklårt kva det faktisk vil seie å vere medviten om noko. Ein person kan godt vere ute av stand til å rapportere (seie noko om) språkbruken til andre, men samstundes ein utmerka imitator. Er han eller ho då medviten eller umedviten om dei aktuelle språkdraga?

Tradisjonell sosiolingvistikk har altså ikkje vore særleg fokusert på korleis språkleg medvit eigentleg artar seg. Ein har funne ut at psykososiale forhold *kan* vere styrande for kva folk seier om eigen og andres språkbruk, og på det grunnlaget har ein bygt ein teori om samanhengen mellom språkleg medvit, norm- og prestisjeforhold og språkleg endring. Med dette meiner ein i tradisjonell sosiolingvistikk å ha ei forståing av *visse særdrag* ved det språklege medvitet.

7 Markerheit og saliens

Førestillinga om at noko i språket er meir markert eller salient enn anna, rører også ved spørsmålet om språkleg medvit. I utgangspunktet ligg nok hovudfokuset her på sjølve språkstrukturane (og ikkje på dei mentale aspekta), og det sentrale siktet målet for sosiolingvistane har vore å finne ut om *markerheit* eller *saliens* kan nyttast som forklarande faktorar ved talespråkleg endring.

I nyare tid er det omgrepet *salience* (*saliens*) som har vore mest brukt, men også mest omdiskutert. Diskusjonen kan førast attende til Trudgill 1986, som tar opp spørsmålet om kvifor to språkvariablar viser ulike endringsmønster i ein tilmåtingssituasjon (s. 10f.). Sjølv tek Trudgill utgangspunkt i Labovs skilje mellom *markers* og *indicators* (1972). Labov reknar *markers* som lingvistiske variablar som er utsette for både stilvariasjon og variasjon etter sosial klasse, medan *indicators* er variablar som er utsette for variasjon etter sosial klasse. For å forklare dette mønsteret, seier Labov at *markers* er relativt høgt plassert i språkbrukaren medvit, at det er eit «high level of awareness associated with a marker» (Trudgill 1986: 10). Spørsmålet er kvifor det er slik, kvifor språkbrukarane er meir medvitne om somme variablar enn om andre. Ut ifrå si eiga undersøking frå Norwich formulerer Trudgill så faktorar som fører til høgare medvit om ein språkvariabel, og som gjer ein indikator (*indicator*) til ein markør (*marker*), og dermed også salient. Desse faktorane er (teke frå Kerswill og Williams' (2000: 71 f.) kritikk av Trudgill, der dei er gjorde om til fem frå Trudgills fire):

- The variable has at least one variant which is overtly stigmatised
- The variable has a high-status prestige variant reflected in the orthography
- The variable is undergoing linguistic change
- Variants are phonetically radically different
- Variants are involved in the maintenance of phonological contrasts

Kerswill og Williams kritiserer Trudgill for sirkularitet på fleire av desse punkta (jf. også Hinskens 1996), og dei presenterer (2000: 90f.) ein alternativ modell for saliens som er langt meir infløkt enn Trudgills faktorar. Modellen har tre komponentar, og saliens er her berre aktuelt i samband med språklege drag som er *dynamiske*, det vil seie drag som blir tileigna eller er i endring. Vidare må det også ligge ei eller anna *språkintern* forklaring til grunn (til dømes fonologisk kontrast, fonetisk distanse), saman med eit eller anna *språkeksternt* forhold (til dømes pragmatiske eller sosiopsykologiske faktorar).

Motbør har Trudgill også fått frå tysk hald, av Auer, Barden & Grosskopf 1998. Når det gjeld kriteria som Trudgill og andre har ført opp som bestemmande for saliens til ein variabel, understreker dei at det går eit skilje mellom objektive og subjektive kriterium. Dei subjektive kriteria refererer til «how lay speakers-hearers perceive (and therefore ‘handle’) the feature in question» (s. 165), og det er dermed eit poeng at desse kriteria ikkje kan vere årsak til saliens, snarare er dei symptom på det. På grunnlag av eiga forsking finn forfattarane så å måtte svare nei på spørsmålet om «perceived (subjective) salience [can] be explained in objective (structural-phonological or phonetic) terms» (s. 183). Det er med andre ord ikkje mogleg å bestemme eit språkdrag eller ein variabel som salient ved berre å sjå på sjølve språket og språkvariasjonen, og saliens blir dermed «a psychological feature which is probably quite independent of structural considerations» (Auer 2000: 13).

I samband med språkleg medvit er det som nemnt aktuelt å sjå etter forklaringar på kvifor visse språkdrag ser ut til å bli lagt meir merke til enn andre. Dersom saliens-omgrepet i denne samanhengen skal vere fruktbart, må det stå for noko meir og anna enn berre «a psychological feature», elles blir «forklaringa» nokså blodfattig. Samstundes er det interessant at fleire finn at såkalla objektive, språkstrukturelle faktorar ikkje (aleine) kan forklare kvifor somt i språket blir lagt meir merke til enn anna. Det taler for at me skal vere varsame med å predikere kva språkdrag og variablar som kan vere saliente. Den ovannemnde modellen til Kerswill og Williams er som nemnd infløkt og mangesidig, men kanskje nettopp derfor også eit meir fruktbart utgangspunkt. Me må tru at forholdet

mellan (subjektive) mentale prosessar og (objektive) språkleg-strukturelle forhold er komplekst.

8 Typar av språkleg medvit

Ein teoretisk innfallsvinkel som forsøker å fange opp og gjere greie for kompleksiteten og mangesidigheita i det språklege medvitet, blir presentert i Preston 1996 (sjå også Niedzielski & Preston 2000). Utgangspunktet er at det er misvisande å berre tale om *gradar* av språkleg medvit og å slå fast at menneske har mykje eller lite av det. Dette grunnar seg på at me i tilnærminga til kva folk faktisk er medvitne om, ofte støyter på paradoks eller sjølvmotseiingar, jamfør Niedzielski & Preston (2000) som seier det slik:

In short, the folk awareness of language is not only a matter of degree but also one of mode or type. When one characterizes (however generally, however badly) a linguistic fact, we cannot say that he or she is «unaware.» Conversely, when one mimics a variety perfectly but cannot provide any overt detail of what it is that one controls in that imitation, we would also not want to say that he or she is «unaware.» For every act of language production and language perception (including attitudinal as well as «processing» perception), then, the mode and degree of awareness is an open question. (2000: 24)

Løysinga blir altså å postulere *typar* av språkleg medvit («modes»), ikke berre *grader* («degree»), og Preston har derfor utvikla ein taksonomi som «an attempt to account in greater detail for the modes of language awareness in (principally non-linguist) cognition» (1996: 40). I denne taksonomien er det rekna med fire hovudkategoriar som går på ulike typar av språkleg medvit: *availability*, *accuracy*, *detail* og *control* (op. cit.: 40 f). Eit av hovudpoenga til Preston er at alle kategoriane representerer kontinuum (*gradar*, om ein vil), til dømes kan eit språkleg drag bli skildra med stor presisjon eller utan presisjon i det heile (kategorien *detail*). Eit anna viktig poeng er at forholdet mellom desse medvitstypane er tilsynelatande uavhengige av kvarandre. Dermed kan ein person vere god til å imitere ein varietet (jf. kategorien *control*), men ute av stand til seie noko om detaljar i varieteten (jf. *detail*).

Vidare forsøker Preston å liste opp og gjere greie for dei forholda som er bestemmande og «aktiverande» for desse typane av språkleg

medvit. Her opnar han opp for mange moglegheiter, jamfør det generelle i opplistinga hans:

- (1) *Communicative primacy*: folk linguistic tasks, even when elaborately defined, seem to be realised in or are at least secondary to communicative (i.e. semantic, pragmatic) concerns
- (2) *Formal training and/or knowledge*
- (3) *Linguistic structure and cognitive abilities*
- (4) *Correctness*: transmitted formally or informally, directly or indirectly
- (5) *Publicity*: e.g. popular culture, media exposure
- (6) *Folk culture artifacts*: e.g. lore, performance (1996: 46)

Desse faktorane er mange og vide, og me kan merkje oss at både språkinterne og språkeksterne forhold er representerte. Det som kanskje manglar, er ein faktor som gjeld graden av språkleg variasjon og endring. Personar som er «utsette» for mykje variasjon, vil truleg ha betre førsetnader for å utføre visse typar «språkoppgåver».

¹⁸ Kort sagt er ei IP-adresse eit unikt nummer som identifiserer datamaskiner via *Internet Protocol*, og som dermed gjer det mogleg å spore kva eining innafor eit datanett som står bak informasjon som blir overført.

intensjonar bak si deltaking, og ifølgje Hauptmanns (1999:28) må ein rekne med å støyte på ein del "aktivistar" som responderer gjentekne gonger, og slik "Trondheimstesten" er lagt opp, er det lite ein kan gjere for å eliminere denne feilkjelda. Eit anna korrumperande innslag er dei som leverer det vi kan kalle "hyperkorrekte" svar. König (2004) har avdekkat korleis enkelte informantar til språkgeografiske studiar rapporterer "det rette og beste" for å "hjelpe" forskaren, sjølv om responsane deira ikkje stemmer med røynda. Det er umogleg å seie noko om korleis dette kan ha slått ut på "Trondheimstesten".

Ei anna vesentleg utfordring når det gjeld å kontrollere kvaliteten på responsen, er at forskaren er maksimalt fråverande i intervju-situasjonen (jf. t.d. Pötschke & Simonson 2001:16). Dette gjer det umogleg å kome med oppfølgingsspørsmål eller på andre måtar validere den informasjonen respondenten kjem med. Eventuelle misforståingar eller feiltolkingar av sjekkpunkta vil ikkje bli avdekte, og som Taylor (2000:53f.) viser, fører dette i mange høve til fleire svar i "veit ikkje"/"usikker"-kategorien.

Den same problematikken er sjølv sagt òg relatert til alle andre former for *indirekte* utspørjing, men ein gjer seg kan hende ekstra sårbar når ein nyttar eit nettbasert massemedium som kanal. Det er grunn til å tro at ein nettavislesar assosierer dette mediet meir med *underhaldning* enn med *vitskaplege* eller *faglege aktivitetar*. Eit testkonsept som dukkar opp i ein slik kontekst, vil derfor vonleg bli teke mindre alvorleg enn eit spørjeskjema som kjem som personleg e-post, og ein kan tenkje seg at terskelen for å vere uærleg og unøyaktig dermed blir monaleg lågare. Den temmeleg populære framstillinga av temaet kan òg ha vore med på å underbyggje dette inntrykket, og ein må derfor rekne med at avislesarane har nærma seg testen med ulik grad av seriøsitet.¹⁹

¹⁹ Som eit døme på denne humoristiske vinklinga kan vi sjå illustrasjonen som fungerte som det sentrale blikkfangen til testen. Dette var ein kollasj der ansikta til fem kjente trondheimarar var monterte inn på "fint"- "breitt"-skalaen med Flettfrid Andrésen og Odd Reitan som ytterpunkt (jf. vedlegg 2).

5 Oppsummering

Som eg allereie har vore inne på, utgjer ikkje datainnsamling gjennom Internett i seg sjølv noko nytt *metodisk prinsipp*; grunnteknikken er den same som i t.d. Georg Wenkers "Wenker-Bögen" frå 1870-åra (jf. Knoop, Putschke & Wiegand 1982) og Johan Storms "Kortere Ordliste" frå 1884 (jf. Bandle 1962:296). Ein kan heller snakke om ei radikal *vidareutvikling* gjennom at eit heilt nytt medium eller instrument blir teke i bruk i innsamlingsarbeidet, og som vi har sett ovanfor, har dette mediet både overbevisande fordelar og graverande ulemper. Heilt kort kan vi seie at denne framgangsmåten gjennomgåande gjev oss eit datatilfang med *suveren kvantitet*, men med noko *tvilsam kvalitet*. Til ein viss grad kan den veldige storleiken på materialet vege opp for nokre av dei skeivskapane som nødvendigvis vil oppstå når det gjeld representativitet og validitet, men det er òg grunn til å ta monalege etterhald om kor mykje ein kan generalisere ut frå denne typen data.

Det formatet som "Trondheimstesten" byggjer på, har i statistikaren auge altfor mange veike punkt til å kunne seiast å vere påliteleg (jf. t.d. Best & Krueger 2004, Couper 2000). Ein del av desse kritiske merknadene er eg samd i, men eg er ikkje utan vidare villig til å forkaste materialet frå *adressa.no*-prosjektet som verdilaust; eg er viss på at dei dataa som ligg føre, vil kunne omsetjast til nyttig innsikt i fleire aspekt ved trondheimsmålet. Innvendingane om at testsituasjonen er sårbar for manipulasjon og feilaktig respons, må eg sjølvsagt ta omsyn til i analysane, men på variabelnivå vil ein utan tvil kunne sjå interessante tendensar som kan seiast å vere gyldige for store delar av det trondheimske språksamfunnet.

Det har elles vore ei interessant oppleving å sjå kor stort engasjementet er blant folk når det gjeld talemål og ikkje minst nemningar for talemål. Eg fekk ei lang rekke tilbakemeldingar med både ros og ris frå testdeltakarar, og testen avfødde fleire dialektdebattar i ulike nettforum. Dette innsynet i *folkelingvistikken* meiner eg er ein svært sunn og viktig *bieffekt* som meir "usynlege" datainnsamlingsmåtar ikkje evnar å oppnå.

Eg blir neppe omtalt som nokon dristig spåmann når eg seier at Internett kjem til å bli eit stadig viktigare verktøy for datainnsamling i framtidig talemålsforsking. Store, kvantitatativt orienterte studiar der

direkte utspørjing er ein uaktuell framgangsmåte, vil ha mykje å vinne på å utvikle gode nettbaserte spørjeverktøy. Gjennom det eksperimentet eg har omtalt her, har vi fått kartlagt noko av potensialet til dette mediet, og med visse justeringar og forbetringer vil vi etter kvart nå fram til eit testformat som er raffinert og pålitande nok til at det kan bli ein hovudreiskap for indirekte datainnsamling innanfor talemålsforskinga. Dette føreset sjølv sagt at utbreiinga av nettilgang vil halde fram med å auke (jf. Atteslander 2005:1075), men det er vanskeleg å sjå for seg at Internettet vil bli mindre daglegdags og allminneleg i åra som kjem.

Litteratur

- Atteslander, Peter (2005): "Schriftliche Befragung" i Ammon et al. (red.): *Sociolinguistics: An International Handbook of the Science of Language and Society*. Berlin–New York: Walter de Gruyter. Band 2, 1063–1076.
- Bandle, Oskar (1962): "Die norwegische Dialektforschung" i *Zeitschrift für Mundartforschung*, 29, 289–312.
- Batinic, Bernad (2001): *Fragenbogenuntersuchungen im Internet*. Aachen: Shaker Verlag.
- Bergens Tidende, 18. januar 2005.
- Best, Samuel J. & Krueger, Brian S. (2004): *Internet Data Collection. Quantitative Applications in the Social Sciences* 141. Sage Publications.
- Chambers, J.K. & Trudgill, Peter (1980): *Dialectology*. Cambridge: Cambridge Univ. Press.
- Comley, Pete (1996): "The use of the Internet as a data collection method" i *Proceedings of the ESOMAR/EMAC Symposium on Research Methodologies for the New Marketing*, ESOMAR Publication Series, Vol. 204, 335–346. [Nettpublikasjon: http://www.virtualsurveys.com/news/papers/paper_9.asp]
- Couper, Mick P. (2000): "Web surveys. A review of issues and approaches" i *Public Opinion Quarterly*, 64, 464–494.
- Crystal, David (2005): "Johnson and the Internet". *Hilda Hulme Memorial Lecture* holden ved University of London, 21. april 2005. [Nettpublikasjon: <http://ies.sas.ac.uk/Publications/hulme/crystal-johnson.pdf>]
- Dalen, Arnold (1990): "Talemålet i Trondheim" i Jahr (red.): *Den store dialektboka*. Oslo: Novus forlag. 205–209.
- Eichhoff, Jürgen (1982): "Erhebung von Sprachdaten durch schriftliche Befragung" i Besch et al. (red.): *Dialektologie. Ein Handbuch zur deutschen und allgemeinen Dialektforschung*. Band 1. Berlin: de Gruyter. 549–554.

- Elspaß, Stephan (2005): "Zum Wandel im Gebrauch regionalsprachlicher Lexik" i *Zeitschrift für Dialektologie und Linguistik*, 72(1), 1–51.
- Elspaß, Stephan & Robert Möller (2006): "Internet-Exploration: Zu den Chancen, die eine Online-Erhebung regional gefärbter Alltagssprache bietet" i *Osnabrücker Beiträge zur Sprachtheorie*, 71, 143–158.
- Fintoft, K.E. & Mjåvatn, P.E. (1980): *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*. Trondheim: Tapir forlag.
- Frick, A., Bächtiger, M.T. & Reips, U.-D. (1999): "Financial incentives, personal information and drop-out rate in online studies" i Reips et al. (red.): *Current Internet Science. Trends, techniques, results*. Deutsche Gesellschaft für Online-Forschung. [Nettpublikasjon: http://gor.de/gor99/tband99/pdfs/a_h/frick.pdf]
- Gräf, Lorenz (1999): "Optimierung von WWW-Umfragen: Das Online Pretest-Studio" i Batinic et al. (red.): *Online-Research. Methoden, Anwendungen und Ergebnisse*. Göttingen: Hogrefe. 156–177.
- Grefenstette, Gregory (2002): "The WWW as a Resource for sLexicography" i Corréard (red.): *Lexicography and Natural Language Processing*. EURALEX. 199–215.
- Hauptmanns, Peter (1999): "Grenzen und Chancen von quantitativen Befragungen mit Hilfe des Internet" i Batinic et al. (red.): *Online-Research. Methoden, Anwendungen und Ergebnisse*. Göttingen: Hogrefe. 21–38.
- Hewson, Claire (2002): *Internet Research Methods. A Practical Guide for the Social and Behavioral Sciences*. London: Sage Publications.
- Hoff, Ingeborg (1968): "Norwegische Mundartforschung" i Schmitt (red.): *Germanische Dialektologie. Festschrift für Walther Mitzka zum 80. Geburtstag*. Wiesbaden. 398–458.
- Knapp, F. & Heidingsfelder, M. (1999): "Drop-Out-Analyse: Wirkungen des Untersuchungsdesigns" i Reips et al. (red.): *Current Internet Science. Trends, techniques, results*. Deutsche Gesellschaft für Online-Forschung. [Nettpublikasjon: http://www.gor.de/gor99/tband99/pdfs/i_p/knapp.pdf]
- Knoop, Ulrich, Putschke, Wolfgang & Wiegand, Herbert E.: "Die Marburger Schule: Entstehung und frühe Entwicklung der Dialektgeographie" i Besch et al. (red.): *Dialektologie. Ein Handbuch zur deutschen und allgemeinen Dialektforschung*. Band 1, 38–91. Berlin: de Gruyter.
- König, Werner (2004): "'Stimmen tut's nicht, aber es ist was Besonderes!' Die Motivation/Intention von Informanten als Faktor für 'hyperkorrekte' Antworten bei Sprachgeographischen Erhebungen" i Greule, Hochholzer & Wildfeuer (red.): *Die bairische Sprache. Studien zu*

- ihrer Geographie, Grammatik, Lexik und Pragmatik. Festschrift für L. Zehetner.* Regensburg: Vulpes. 189–193.
- Möller, Robert (2003): "Das rheinische *tschö*" i *Rheinische Vierteljahrsschriften*, 67, 333–339.
- Pötschke, Manuela & Simonson, Julia (2001): "Online-Erhebungen in der empirischen Sozialforschung: Erfahrungen mit einer Umfrage unter Sozial-, Markt- und Meinungsforschern" i *ZA-Information*, 49, 6–28.
- Storm, Johan (1884): *Kortere Ordliste med Forklaring af Lydskriften*. [Kristiania].
- Taylor, Humphrey (2000): "Does internet research work?" i *International Journal of Market Research*, 42(1), 51–63.
- Trondheimsstatistikken (2001). Trondheim kommune: Byplankontoret.
- Vikør, Lars S. (2004): *Dialektar som skriftspråk i tre norske distrikt*. Oslo: Novus.
- (1997): "Dialekt som skriftspråk i Trøndelag" i Reinhammar (red.): *Nordiska dialektstudier*. Språk- och folkmunnesinstitutet. 341–347.
- Vaage, Odd Frank (2007): *Norsk mediebarometer 2006*. Oslo-Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.


Vedlegg 1: Skjermbilete av testen

Spørsmål 1	<input type="radio"/> Vi krøyp under bordet <input type="radio"/> Vi kraup under bordet <input checked="" type="radio"/> Vi krøp under bordet
Spørsmål 2	<input type="radio"/> Husel står på stranna <input checked="" type="radio"/> Huset står på strannja
Spørsmål 3	<input type="radio"/> En gris / to grise <input type="radio"/> En gris / to grisa <input type="radio"/> En gris / to griser
Spørsmål 4	<input type="radio"/> Fisk <input checked="" type="radio"/> Fesk
Spørsmål 5	<input type="radio"/> 100 = hunnjer <input type="radio"/> 100 = hønnjer <input type="radio"/> 100 = hundre
Spørsmål 6	<input type="radio"/> Kvar <input type="radio"/> Kvær <input type="radio"/> Vær
Spørsmål 7	<input type="radio"/> Vi har splist sillj <input checked="" type="radio"/> Vi har splist sill
Spørsmål 8	<input type="radio"/> Jel <input checked="" type="radio"/> Æ
Spørsmål 9	<input type="radio"/> Hær / Der <input checked="" type="radio"/> Hær / Dær
Spørsmål 10	<input type="radio"/> Vi har fri hele året <input checked="" type="radio"/> Vi har fri heile året.
Spørsmål 11	<input type="radio"/> 'problem <input checked="" type="radio"/> pro'blem
Spørsmål 12	<input type="radio"/> Det ble mørkt <input type="radio"/> Det vart mørkt <input checked="" type="radio"/> Det blei mørkt
Spørsmål 13	<input type="radio"/> Vi sjøpe brus i butikken <input checked="" type="radio"/> Vi kjøpe brus i butikken
Spørsmål 14	<input type="radio"/> Redd <input checked="" type="radio"/> Reddij

Vedlegg 2: Uttdrag frå testframsida

Hva slags trondheimsål snakker du?**Fint eller breddt?****Test deg selv og finn ut om du snakker fint eller breddt**

Trondheimsdialekt kan være så mangt, og enhver som oppholder seg i byen en stund, vil legge merke til en viss variasjon i måten trondheimere snakker på. Tradisjonelt har det vært betydelige forskjeller mellom for eksempel "iling", "lamo-dialekt" og "singsakersk", men det er mer uklart hvordan dette er i dag.



"Kor pent bergensk snakkar du?"¹

Ei gransking av sjølvrapporterte språkdata til avisas *Bergens Tidende* si heimeside, bt.no

Av Gunnstein Akselberg

1. Talemålsrapportering på bt.no

I perioden våren og hausten 2004 låg det ute på heimesida til *Bergens Tidende*, bt.no, eit registreringsskjema der leserane frå Bergen kunne gå inn og registrera språkbruken sin ved å fylla ut alternative val for forskjellige leksikalske variablar. Variablane hadde to eller tre alternativ. I tillegg skulle informantane gje opplysning om kjønn, alder og bydelen der dei hører heime. Dersom leserane hadde fylt ut alle rubrikkane, fekk dei oppgitt ein karakteristikk av talemålet sitt.

Rapporteringa hadde form av ein konkurranse der spaninga låg i om det svaret ein fekk, stemte med den opplevinga leserane sjølve hadde av sitt eige talemål. Dataa frå informantane er altså sjølvrapporterte og byggjer på opplevinga språkbrukaren har av eige talespråk, og informantane er sjølvrekryterte på det viset at dei sjølve har valt om dei ville vera med på rapporteringa eller ikkje. Informantane er anonyme, og eg har aldri møtt eller snakka med nokon av dei.

Gjennom denne granskinga kom det inn rapporteringar frå vel 56 000 informantar. Etter kvalitetssikring av materialet (sjå nedanfor pkt. 4) vart eg ståande tilbake med rapporteringar frå vel 38 000 informantar.

¹ Tittelen på talemålsregistreringa på heimesida til *Bergens Tidende*, bt.no, var "Hvor pent snakker du?".

Dette er ei av dei største kjende sjølvrapporteringane av eige talemål, og det er ei av dei første talemålsgranskingane der språkdata er samla inn gjennom heimesida til ei regionavis.

Her skal eg presentera strukturen i granskinga, nokre hovudresultat og einskilde tolkingar. Ei nettregistrering av talemålsrealiseringar fører med seg mange metodiske utfordringar knytte både til gjennomføringa og til analysen av datamaterialet. Nokre av desse vert nemnde her. Jamfør elles Hårstad 2008.

2. Strukturering av granskinga

2.1. Den språklege rapporteringa

Eg arbeidde ut denne granskinga med grunnlag i at det kan avgrensast forskjellige sosiolektar eller sosiale talemålsvarietetar i Bergen. Eg avgrensa fire sosiolektar til bruk på heimesida bt.no, som eg kalla *rent gatebergensk*, *moderat gatebergensk*, *nokså penbergensk* og *meget penbergensk*.

Termane knyttet til talemålsvarietetane er valde i samråd med *Bergens Tidende* for å nå merksemda til lesarane. Andre termar vart diskuterte. Dei valde termane er eit kompromiss mellom fleire alternativ, samstundes som dei har eit fagleg grunnlag. I teksten nedanfor vert ofte termen *folkemålsformer* nytta, av di *gatebergensk* kan for einskilde ha eit negativt innhald.

For å gjera granskinga så enkel at ho kunne gjennomførast på nettstaden bt.no utan å bli for omfattande og komplisert, valde eg ei leksikalsk registrering. Eg definerte 20 ordpar. 17 av ordpara har to alternativ, og tre ordpar har tre alternativ. I ordpara med tre alternativ er eitt av alternativa ei folkemålsform (eks. *no*), eit anna ei penbergensk form (eks. *nå*) og eit tredje ei ekstra pen form (eks. *nu*). Ordpara med to alternativ har ei folkemålsform (eks. *ikkje*) og ei penbergensk form (eks. *ikke*), eller ei folkemålsform (eks. *hage*) og ei ekstra pen bergensk form (eks. *have*). Alle ordpara har altså éi folkemålsform, og éi eller to andre former. Sjå den språklege rapporteringslista nedanfor.

Språkleg rapporteringsliste

I den versjonen av rapporteringslista som er tatt med nedanfor, er dei gatebergenske formene umarkerte, dei penbergenske er sette i feit skrift, medan dei ekstra pene bergenske formene står i kursivert feit skrift. I lista som låg ute på nettet (sjå vedlegg 1 og 2), var naturleg nok alle formene umarkerte.

ben	<input type="checkbox"/>	bein	<input type="checkbox"/>		
mykkje	<input type="checkbox"/>	mye	<input type="checkbox"/>	<i>meget</i>	<input type="checkbox"/>
høy	<input type="checkbox"/>	høg	<input type="checkbox"/>		
dere	<input type="checkbox"/>	dåkkar	<input type="checkbox"/>		
jente	<input type="checkbox"/>	pike	<input type="checkbox"/>		
kem	<input type="checkbox"/>	hvem	<input type="checkbox"/>		
ka	<input type="checkbox"/>	hva	<input type="checkbox"/>		
hvor	<input type="checkbox"/>	kor	<input type="checkbox"/>		
hvorfor	<input type="checkbox"/>	koffor	<input type="checkbox"/>		
ikkje	<input type="checkbox"/>	ikke	<input type="checkbox"/>		
lave	<input type="checkbox"/>	lage	<input type="checkbox"/>		
no	<input type="checkbox"/>	nå	<input type="checkbox"/>	<i>nu</i>	<input type="checkbox"/>
hugge	<input type="checkbox"/>	hogge	<input type="checkbox"/>		
hun	<input type="checkbox"/>	hon	<input type="checkbox"/>		
etter	<input type="checkbox"/>	etter	<input type="checkbox"/>		
nåkken	<input type="checkbox"/>	noen	<input type="checkbox"/>	<i>nogen</i>	<input type="checkbox"/>
jei	<input type="checkbox"/>	eg	<input type="checkbox"/>		
hage	<input type="checkbox"/>	have	<input type="checkbox"/>		
øye	<input type="checkbox"/>	øge	<input type="checkbox"/>		

2.2. Den sosiale rapporteringa

Den sosiale rapporteringsdelen galdt rapportering av alder, kjønn og bydel der informanten hører heime.

Aldersrapportering

Aldersavgrensinga har fem alderskategoriar som fangar opp sentrale aldersgrupper, etter eit allment mønster som har vore nytta i mange sosiolingvistiske granskinger.

Alder	under 15 år	<input type="checkbox"/>
	15–20 år	<input type="checkbox"/>
	20–40 år	<input type="checkbox"/>
	40–60 år	<input type="checkbox"/>
	over 60 år	<input type="checkbox"/>


Rapportering av kjønn

Kjønn	kvinne	<input type="checkbox"/>
	mann	<input type="checkbox"/>

Bydelsrapportering

Bydelsrapporteringa er knytt til åtte rapporteringskategoriar der sju (Sentrum, Laksevåg, Ytre Laksevåg m/Loddefjord-området, Fana, Fyllingsdalen, Arna og Åsane) høyrer til Stor-Bergen kommune som vart oppretta i 1972. Dertil kjem Askøy, som er eigen kommune, men som i praksis fungerer som ein bydel i Bergen kommune på line med Arna. Av di fleire av informantane som deltok i denne registreringa, kunne bu utanfor dette kjerneområdet, fanst det òg ein kategori 'Annan kommune' – der ein skulle gje opp kommunenamn.

Bydel	Sentrum	<input type="checkbox"/>
	Laksevåg	<input type="checkbox"/>
	Ytre Laksevåg m/Loddefjord-området	<input type="checkbox"/>
	Fana	<input type="checkbox"/>
	Fyllingsdalen	<input type="checkbox"/>
	Askøy	<input type="checkbox"/>
	Arna	<input type="checkbox"/>
	Åsane	<input type="checkbox"/>
	Annan kommune	<input type="checkbox"/>
		Kommunenamn _____



Kart over Askøy kommune og bydelane i Bergen kommune som det vert referert til teksten

3 Vekting av den språklege rapporteringa

Svaralternativa vart vekta slik at folkemålsformene fekk 1 poeng, dei penbergenske formene fekk 2 poeng og dei ekstra pene formene 3 poeng.

Totalt var det råd å få 45 poeng. Lågaste poengsum var 20. Ut frå desse ytterpunktene vart det sett opp følgjande kategorisering:

1) Rent gatebergensk	20–23 poeng
2) Moderat gatebergensk	24–30 poeng
3) Nokså penbergensk	31–40 poeng
4) Meget penbergensk	40–45 poeng

Poengskåre gav grunnlag for kategorisering og svar til lesarane om kvar det rapporterte talemålet deira, representert ved denne leksikalske registreringa, høyrer heime.

4 Resultat

Her skal eg berre trekkja fram nokre av hovudresultata: Det allmenne hovudresultatet og hovudfordelinga av talemålskategoriar på dei sosiale makrofaktorane kjønn, alder og bydel.

Kvalitetssikringa, som reduserte den samla registreringa frå vel 56 000 til vel 38 000 registreringar, gjekk ut på å eliminera registreringar som var t.d. inkonsistente, dublerte eller der informantane var frå andre stader.

Granskinga viser at moderat gatebergensk er den mest utbreidde varietetan. Jamfør Schønfelder 2005.


4.1 Samla hovudresultat

Rapporteringa viser eit tydeleg mønster. Det er nesten like mange informantar som nyttar ein *rent gatebergensk* varietet, som det er informantar som nyttar ein *moderat gatebergensk* varietet. Så er det eit stort hopp til dei som nyttar ein *nokså penbergensk* varietet, og så nok eit stort hopp igjen til dei som nyttar ein *meget penbergensk* varietet. Fordelinga mellom informantane er slik.²

Rent gatebergensk	36,1 %
Moderat gatebergensk	37,8 %
Nokså penbergensk	20,3 %
Meget penbergensk	5,9 %

² Amanuensis Kolbjørn Slehei ved Universitetet i Bergen har kvalitetssikra og handsama dei språklege dataa statistisk.

Den samla registreringa er ikkje så uventa. 73,9 % av informantane meiner dei nyttar ein kombinasjon av former som her vert kategoriserte som *rent gatebergensk* og *moderat gatebergensk*, dvs. folkemålsformer. 26,2 % meiner dei nyttar ein kombinasjon av former som vert kategoriserte som *nokså penbergensk* og *meget penbergensk*.



Hovudresultatet høver godt med målingar av registrert talemål i andre byar og i tidlegare talemålsgranskningar i Bergen (jfr. Omdal 1967, Nesse 1993, Hannaas 1999), der det er folkemålsvarietetane som vert nyitta av dei fleste ibuarane. Likevel er den *nokså penbergenske* prosenten heller høg, 20,3 %, og særleg den *meget penbergenske* prosenten er relativt høg, heile 5,9 %. Nedanfor skal vi bryta dette resultatet ned på dei makrososiale faktorane kjønn, alder og bustad.

4.2 Rapportert språkbruk og den makrososiale faktoren kjønn

Bryt vi hovudresultatet ned på den sosiale makrovariabelen *kjønn*, får vi resultat som dels samsvarar med trendar i norsk og internasjonal

Preflektkategori	Ren gatebergensk	Count	Kjønn		Total
			Menn	Kvinner	
Hvis alle spr-spør er besvart	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart	8200	5403	39,7%	13603
	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	40,4%	31,1%	36,1%	14239
	Count	7170	7069		
Moderat gatebergensk	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	50,4%	49,6%	100,0%	100,0%
	Count	3522	4114		7636
	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	46,1%	53,9%	100,0%	
Nokså penbergsusk	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	17,4%	23,6%	20,3%	2210
	Count	1397	813		
	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	63,2%	36,8%	100,0%	
Megat penbergsusk	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	6,9%	4,7%	5,9%	37688
	Count	20289	17399		
	% within Preflektkategori hvis alle spr-spør er besvart % within bydel	51,8%	46,2%	100,0%	
Total		100,0%	100,0%	100,0%	

Tabell 1. Språkleg variasjon og kjønn

sosiolingvistisk forsking, og dels trendar som bryt med denne forskinga. Jamfør tabell 1.

Resultatet viser langt på veg ein velkjend kjønnsdistribusjon ved at mennene har langt fleire tradisjonelle folkemålsformer, det vil her seia gatebergenske former, enn kvinnene. 40,4 % av mennene nyttar den *rent gatebergenske* varieteten, medan berre 31,1 % av kvinnene gjer det same.

Di meir pene formene blir, di fleire kvinner er det enn menn som nyttar den aktuelle varieteten. 40,6 % av kvinnene nyttar varieteten *moderat gatebergensk*, medan 35,3 % av mennene nyttar *moderat gatebergensk*. Her er situasjonen snudd op ned, men avstanden mellom menn og kvinner er ikkje så stor som for fordelinga av varieteten *rent gatebergensk*.

Flyttar vi oss til fordelinga av den *nokså penbergenske* varieteten, ser vi at det er flest kvinner som nyttar han, 23,6 %, og at det er lågare bruk av denne varieteten hjå mennene, 17,4 %.

Når det gjeld den *meget penbergenske* varieteten, er derimot rapporteringa omvendt igjen. Det er fleire menn enn kvinner som nyttar varieten *meget penbergensk* varieteten, 6,9 % av mennene og 4,7 % av kvinnene. Dette bryt med tradisjonelle realiseringar som viser at kvinnene vanlegvis nyttar fleire pene former, statusformer og formelle former enn mennene.

4.3 Rapportert språkbruk og den makrososiale faktoren alder

Dersom vi bryt hovudresultatet ned på den sosiale makrofaktoren *alder*, får vi også stadfesta nokre trekk som elles er vanlege i sosiolingvistiske studiar, samtundes som vi også her finn trekk som bryt med hovudtrendar i forskinga. Jamfør tabell 2.

Heile 33,9 % av informantane i gruppa over 60 år nyttar varieteten *meget penbergensk*. Det er også i denne gruppa at det er flest informantar som nyttar den *nokså penbergenske* varieteten, så mange som 30,2 % av informantane. At det i den eldste aldersgruppa finst flest informantar som nyttar penbergenske former, er ikkje uventa, av di mange av desse formene, og særleg dei *ekstra penbergenske* formene, vert knytte til forestillingar om eldre tider.

			Alder					Total
			Under 15 år	15-20 år	20-40 år	40-60 år	Over 60 år	
Predf kategori hvis alle spr-spm er besvart	Rent gatebergensk	Count	547	2173	7743	2895	302	13660
	% within Predef kategori hvis alle spr-spm er besvart		4,0%	15,9%	56,7%	21,2%	2,2%	100,0%
	% within bydel		35,8%	38,6%	37,1%	35,0%	19,6%	36,1%
Moderat gatebergensk	Count	591	2292	8428	2708	251	14270	
	% within Predef kategori hvis alle spr-spm er besvart		4,1%	16,1%	59,1%	19,0%	1,8%	100,0%
	% within bydel		38,7%	40,7%	40,8%	32,8%	16,3%	37,7%
Nokså pentbergensk	Count	243	964	3966	2034	464	7671	
	% within Predef kategori hvis alle spr-spm er besvart		3,2%	12,6%	51,7%	26,5%	6,0%	100,0%
	% within bydel		15,9%	17,1%	19,0%	24,6%	30,2%	20,3%
Meget pentbergensk	Count	145	207	717	627	521	2217	
	% within Predef kategori hvis alle spr-spm er besvart		6,5%	9,3%	32,3%	28,3%	23,5%	100,0%
	% within bydel		9,5%	3,7%	3,4%	7,6%	33,9%	5,9%
Total	Count	1326	5636	20854	8264	1538	37818	
	% within Predef kategori hvis alle spr-spm er besvart		4,0%	14,9%	55,1%	21,9%	4,1%	100,0%
	% within bydel		100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%

Tabell 2. Språkleg variasjon og alder

På den andre sida er det i den eldste aldersgruppa at det finst færrest informantar som nyttar *moderat gatebergensk* og *rent gatebergensk*, respektive 16,3 % og 19,6 %. Ingen av dei andre aldersgruppene har så låg rapportering av dei to gatebergenske varietetane. Det ville vera rimeleg å tru at også gatebergenske former ville stå sterkt i denne gruppa.

Noko forbausande er det dessutan at heile 9,5 % i gruppa informantar under 15 år hamnar i kategorien *meget penbergensk*. På grunnlag av resultat frå sosiolingvistiske granskningar dei siste 20 åra, som syner at det er få unge som nyttar tradisjonelle prestisjeformer, er det uventa at den yngste aldersgruppa er den av aldersgruppene som har prosentvis nest flest brukarar som nyttar varieteten *meget penbergensk*.

Elles er det aldersgruppa 40–60 år som kjem på tredje plass i bruken av varieteten *meget penbergensk*, med 7,6 % av informantane, medan det er aldersgruppa 20–40 år som har prosentvis færrest informantar som nyttar *meget penbergensk*, 3,4 %.

Høgst rapportering av *rent gatebergensk* og *moderat gatebergensk* finst i aldergruppa 15–20 år, brukt av respektive 38,6 % og 40,7 % av informantane i gruppa, og i aldersgruppa 20–40 år, med respektive 37,1 % og 40,4 %.

Moderat gatebergensk står også sterkt i den yngste aldergruppa 15–20 år, der 38,7 % av informantane nyttar denne varieteten.

4.4 Rapportert språkbruk og den makrososiale faktoren bydel

Denne granskings viser at det er store skilnader i registrert språkbruk mellom dei forskjellige bydelane. Vi må her ha *in mente* to viktige språkkulturelle skilje (jf. òg Myking 1983, 1988a, 1988b). Det eine skiljet går mellom bydelen Arna og kommunen Askøy på den eine sida, og dei andre bydelane på den andre. Det andre skiljet går mellom det historiske Sentrum på den eine sida, og bydelane Laksevåg, Ytre Laksevåg m/Loddefjord-området, Fana, Fyllingsdalen og Åsane på den andre. Jamfør tabell 3.

Det fyrste skiljet markerer eit språkkulturelt skilje mellom to tradisjonelle bygdekulturar og fem bydelar med større historisk urbankulturell påverknad. Det andre skiljet går mellom eit historisk

		Bydel						Total
		Sentrums	Laksevåg	Ytre Laksevåg/Loddetfjord	Fana	Fyllingsdalen	Akøy	Åsane
Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart	Count % within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	3355	1160	1409	2814	1378	859	569
	% within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	24,5%	8,5%	10,3%	20,6%	10,1%	6,3%	4,2%
Moderat gatebergensk	Count % within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	3601	925	1284	3682	1496	725	455
	% within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	31,9%	46,5%	45,3%	27,3%	39,1%	48,6%	49,0%
Nokså penbergensk	Count % within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	2713	299	317	3031	521	126	83
	% within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	34,2%	37,1%	41,3%	35,8%	42,5%	41,1%	39,2%
Megat penbergensk	Count % within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	862	111	100	764	129	56	54
	% within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	25,8%	12,0%	10,2%	29,5%	14,8%	7,1%	7,1%
Total	Count % within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	37901	2495	3110	10291	3524	1766	1161
	% within Prefef kategori hvis alle spr-spim er besvart % within bydel	100,0%	6,6%	8,2%	27,2%	9,3%	4,7%	3,1%
	% within bydel	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%	100,0%

Tabell 3. Språkleg variasjon og bydel

sentrum og fem historisk yngre urbaniserte bydelar, Laksevåg, Ytre Laksevåg m/Loddefjord-området, Fana, Fyllingsdalen og Åsane.

Dersom vi ser bort frå Askøy og Arna, er det ikkje uventa at det vert registrert mest *rent gatebergensk* i bydelane Laksevåg og Ytre Laksevåg m/Loddefjord-området, der repektive 46,5 og 45,3 % av heimelsmennene nyttar denne varieteten.

Høgast rapportert bruk av varieteten *rent gatebergensk* har bydelen Arna, der 49 % av informantane rapporterer slike former. Denne bydelen hører ikkje tradisjonelt til Bergen by, men vart lagd til Bergen kommune då Bergen vart storkommune i 1972.

Også i Åsane er det mange som nyttar *rent gatebergensk*, 42,5 % av informantane. Dette er også ein bydel som kom til ved kommunesamanslåinga i 1972.

Nest høgast prosent *rent gatebergensk* finst rett nok på Askøy, men dette er ikkje nokon bydel i Bergen by eller del av Bergen kommune. Det tradisjonelle lokale talemålet rundt Bergen har mange særtrekk felles med gatebergensk, som t.d. former som *eg* og *ikkje*, som gjer at det heller kan vera ein bygdemålsvarietet som stundom blir registrert.

Moderat gatebergensk er også den mest nytta varieteten i bydelen Fana, ein bydel som ofte vert karakterisert som den "pene" i Bergen. Penbergensk har stått sterkt her (jfr. Jorem 1995).

I Bergen sentrum er derimot prosenten *rent gatebergensk* berre 31,9. Overraskande er det kanskje også at heile 8,2 % av informantane frå Sentrum gjev opp at dei nyttar den *ekstra penbergenske* varieteten, som er høgare enn prosenten penbergensk i bydelen Fana, der han er 7,4 %.

5. Nokre tolkingar og merknader

Grunnen til at det er fleire menn enn kvinner som nyttar varieteten *meget penbergensk*, kan vera at mennene overrapporterer. Men det kan også ha samanheng med at menn tradisjonelt har vore aktive i prestisjeyrke, og at dei difor gjev opp mange penbergenske og ekstra penbergenske former i ei registrering som denne, av di ho signaliserer ein viss formell kontekst.

At det er heile 9,5 % av informantane i gruppa under 15 år som nyttar varieteten *meget penbergensk*, kan også ha samanheng med konteksten: Dei unge overrapporterer for å signalisera status. Men kan henda har denne rapporteringa også noko å gjera med at det mellom yngre i dag er i ferd med å koma inn att tradisjonelle prestisjeformer i visse sosiale grupper, og at vi såleis igjen er i ferd med å få eit skilje mellom unge i bruk av folkemålsformer og tradisjonelle statusformer.

At det i Sentrum vert nytta ein heller låg prosent *rent gatebergensk* og ein høg prosent *meget penbergensk*, kan ha med det å gjera at i dag er dei tradisjonelle sosiale grupperingane i sentrum meir utydelege enn tidlegare. Dessutan er det dei siste åra flytta mange til sentrum som representerer andre sosiale grupper enn dei som har vore representative for bydelen i tidlegare tider. Det er òg viktig å merkja seg at i sentrum finn vi framleis den *meget penbergenske* varieteten kalfarbergensk, som kan ha verka inn på denne rapporteringa.

6. Predefinerte kategoriar vs databaserte kategoriar

Granskninga som er presentert ovanfor, byggjer på fire predefinerte talemålskategoriar (varietetar): *Rent gatebergensk*, *moderat gatebergensk*, *nokså penbergensk* og *meget penbergensk*. Desse kategoriene byggjer på ein kombinasjon av tre ulike bergenske realiseringar: *Gatebergenske* former, *penbergenske* former og *ekstra penbergenske* former.


Dersom vi ser bort frå dei predefinerte talemålskategoriane, og ser på fordelinga i materialet av dei tre databaserte kategoriene, får vi fordelinga som er sett opp nedanfor. For å skilja den databaserte tilnærminga frå den predefinerte, vert dei tre varietetane her kalla *normalbergensk*, *penbergensk* og *markert penbergensk*.

Den registrerte språkbruken mellom informantane på grunnlag av dei databaserte kategoriene viser dette hovudmønsteret:

Normalbergensk	71,8 %
Penbergensk	22,3 %
Markert penbergensk	5,9 %

Denne fordelinga er mest identisk med fordelinga som er gjort på grunnlag av den predefinerte kategoriseringa, noko som fortel at den

predefinerte kategoriseringa gjev eit godt bilet av dei formene informantane opplyser om.



Også dette resultatet kan vi bryta ned på dei makrososiale faktorane kjønn, alder og bydel, utan at eg skal gå inn på det her.

7. Avslutning

I denne artikkelen har eg presentert hovutrekka i og hovudresultata av ei leksikalsk talemålsrapportering som vart gjord gjennom regionavisa *Bergens Tidende* i 2004. Informantane er sjølvrekrytterte og dei språklege dataa er sjølvrapporterte. Granskinga gjeld eigenleg oppfatning av, haldning til og evaluering av eige talemål. Nokre tilbakemeldingar i form av e-post til meg frå dei som har gjennomført testen, syner at ein del meiner den karakteristikken dei har fått av talemålet sitt gjennom denne talemålstesten, stemmer med eiga vurdering.

Rapporterte språkdata er verdfulle supplement til registrert språkbruk, og gjev nyttig innsikt i tilhøvet mellom opplevd språk og reell språkbruk. Datamengda i dette prosjektet er unik, og det er råd å gjennomføra eit utal studiar om tilhøve mellom varietatar, sosiale

makrostorleikar og eiga talemålsevaluering. Materialet vil t.d. kunna supplera det store talemålsmaterialet TUB (Talemål hjå ungdom i Bergen) frå 1970-talet på mange måtar.

Materialet som kom inn gjennom dette prosjektet, er genuint og ligg no og ventar på at ein eller fleire masterstudentar eller stipendiatar kan ta fatt på å analysera det. Det vil kunna gje ny innsikt og kunnskap om språkendring, språkleg variasjon, språkhaldning og språkevaluering.

Litteratur

- Hannaas, Jorunn 1999: *En sosiolinguistisk studie av kj- og sj-realiseringen blant ungdommer i Bergen*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen: Nordisk institutt.
- Hårstad, Stian 2008: Store tal frå trondheimsk tale. Metodologisk drøfting av ei nettbasert dialektgransking. *Målbryting* 9. 127–147.
- Jorem, Ida Elisabeth 1995: *Bruken av "finbergensk" blant ungdom i bydelen Fana. En sosiolinguistisk undersøkelse*. Uprenta hovudoppgåve. Bergen: Nordisk institutt.
- Myking, Johan 1983a: Adverba *då* og *no* i bergensmålet. Lingvistisk og sosiolinguistisk variasjon. *Talemål i Bergen* 2. 5–66.
- Myking, Johan 1983b: Fem leksikalske variablar i bergensmålet. *Talemål i Bergen* 2. 67–121.
- Myking, Johan 1988: Grammatiske kv-ord som sosiolinguistisk variabel. *Talemål i Bergen* 4. 5–38.
- Nesse, Agnete 1994: Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten. *Talemål i Bergen* 5.
- Omdal, Helge 1967: Noen karakteristiske trekk ved det høgere talemålet i Stavanger – jamført med folkemålet. *Maal og Minne*. 79–100.
- Schønfelder, Lotte 2005: Moderat gatebergensk. *Bergens Tidende* 18. januar 2005.

Vedlegg 1: Skjermbilete av testen (del 1)

bt.no

Venner

Hjemmeside

Opp i høyden..

White Out Loika

GRATIS

og uforpliktende verdilvurdering

SØK I DAG!

370

Til Bergen-Haugesund

1000,-

PLATO

www.platousport.com

Vestlandet nå

Det skjer

Ma Ti On To Fr Sa

01 02 03 04 05

26 07 08 09 10 11 12

13 14 15 16 17 18 19

20 21 22 23 24 25 26

27 28 29 30 31

Bergenpost underholder 4

dag

Salg av billetter til

Stedet til

Festen til

bergenpuls

Helse og

Velværeguiden

Kurs og

konferanser-

guiden

Kurs - utdanning

seminar- - konferanser

MARKEDS-

SYMPORIUM

BERGEN

en Vest

bedrift

Hvor pent snakker du?

Snakker du på bokmål eller på nynorsk? Krys av ved det ordet du pleier å bruke, og vi vil deg svart! Testen er laget av professor Gunnar Aasberg ved Nordisk institut, Universitetet i Bergen. Svarene dine vil bli brukt i et anonymt til skrivelokking.

1. ben ben

2. mykje mys megt

3. hely høy

4. ders døkkar

5. jente pike

6. kom hvem

7. osa hva

8. hver hor

9. morkt koffrt

10. ikke ikke

11. obo ord ora

12. hugge høgge

13. språk sprog

14. hun hon

Sei og samla

Hus og hjem

Kjøkken

Kjøkken

Mall og vin

Be og motor

Data og mobil

Populærteknologi

Kjøkken

Leder

Kjøkken

Debatt

Lesere diskuterer

Lærematerial

Webkamera

Var/potensial

Trafikkinformasjon

Statistik

Elendomssak

Pandus

Diktat

Tekst ura verda

Et spørte

Et brettspill

Seaside

Et bil som startslide

Postkarm

ASSENEL-feed

Tidt til

Utdanningsguiden

Tidt mag, 2004

Info en English

Info auf Deutsch

Info en français

Vedlegg 2: Skjermbilete av testen (del 2)

ANS

+ estall

13. etter
 først

Hammertar
Finne mänen
Sjefredskar

Jan Helsing
Kulturrederkvar

Tove Ellettan
Politisk redaktør

Olav Kobbeltveit

Akselstein
Kristoffersen

Erling Langeland

Cathrine Krana
Hansen

Georg Ørthaus

Svenn Sundland

20. øye
 øre

Want ikkem
Redaktør i Sun og
Sinn

Kazimierz Trzasko
Redaktør

Per A. Jønnes jr.
Sjef redaktør

Torgrim Egen

Jostein Grønstrand

Alder
 Under 15
 15-20
 20-40
 40-60
 Over 60

Zergnet til dørsake

Kundeservice

ABG Konsulent
Anbefalet
Om Bergens Tidende

Bydel
 Sandvika
 Laksevåg
 Ytre Lærdal og Moldefjord-området
 Fana
 Fyllingsdalen
 Askøy
 Årstad
 Årnes

Navn

[Send]



TY og netverkskoder. Tor Arne Fauschof
Ansvarlig redaktør: Birnar Nilsen
Postadresse: Postboks 7000
Nordneskaien 1, 5015 Bergen
Norge

Sentralbord: 35100 (mai-fri 08 00-16 00)
Mønterløs avt: 65100 fra 10 00
Tlf.: 050 62311
E-post: kundeservice@zergnet.no

CAMERA 2000

21 januar

Dagens gullbønn
"Ja, når en sjeldan er
Av stor for deg"

HARRY E FOSDICK

ØTSPIELLET
Ja, så du
treffer en
kvinnelig
damer du i
bonnivon
på
romantisk
stilk...!!

AKER KV
Aker Kvinner

Vi rekrutt
Klikk h
ledige st



Universitetsbiblioteket i Tromsø
Bibliotek for humaniora og samfunnsvitenskap

Mål bryting er skriva av
nettverk (SONE).
av masterstudenter



103665CAII

Arbeida er i artikkelformat (seminar- og konferanseinnlegg, mindre avhandlingar) og bokformat (masteroppgåver, større avhandlingar, rapportar). Bidrag frå gjesteførelesarar i samband med seminar, førelesingar og konferansar vert også publiserte her.

Norsk sosiolinguistisk nettverk (SONE) er eit organ som granskar talemålsutviklinga i Noreg der dei nordiske instituttene ved universitetene i Tromsø, Trondheim, Oslo, Agder, Stavanger og Bergen, og ved Høgskolen i Oslo, tek del. Eit viktig mål for SONE er å granska utviklinga av språkleg regionalisering med særleg vekt på kva for rolle talespråket til ungdommen spelar.

Redaktør: Gunnstein Akselberg

Redaksjonskomité: Styringsgruppa for
Norsk sosiolinguistisk nettverk.

ISBN 978-82-91987-13-2
ISSN: 1500-8576